

Referat frå ID-møte, Høgskulen på Vestlandet

Videomøte, tysdag 13.09.16, 12.00-14.00

Til stades: Marit Breivik (NSF, HiB), Mari Engesæter (UF, HiSF), Joanna Galek (NSF, HiSF), Jorun A. Henriksen (UF, HiB, vara for Herfindal), Kristin R. C. Hinna (FF, HiB), Gisle Y. R. Kleppe (FF, HSH), Pål A. Olsen (Akademikerne, HiB), Gunhild Raunsgard (Parat, HiB, vara for Kari H. Jørgensen), Joar Sande (Akademikerne, HiSF), May Britt Sandstå (Parat, HSH), Reidun Stavland (NSF, HSH), Hege Gjerde Sviggum (FF, HiSF), Beate Kristine Sørлие (LO/Stat, HiB, vara for di Giovanni), Britt Totland (Parat, HiSF), Tove Uglum (LO/Stat, HiSF), Ingebjørg Vikesland (HVO, HiSF), Svein Erik Wang (NTL, HSH),

Tage Båtsvik (arbeidsgjevar), Eli Glambek (arbeidsgjevar), Audun Kjørstad (referent)

Båtsvik opna møtet og ynskja velkomen. Kjapp presentasjonsrunde for å identifisere deltakarane. Ingen saker meldt til eventuelt.

1. Saker til styremøte 01/16

Båtsvik gjekk gjennom sakslista, og tillitsvalte kommenterte fortløpande.

001/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

OK.

002/16 Konstituering

OK.

003/16 Strøyming av styremøta

Strøyminga vil ta til so snart positivt vedtak i denne saka er fatta.

004/16 Orienteringssaker

OK.

005/16 Forretningsorden for interimsstyret

OK.

006/16 Styregodtgjersle

OK.

007/16 Møteplan

OK.

008/16 Stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet

Hovudtillitsvalde (HTV) kritiske til det rådgjevande innstillingsutvalet sin samansetnad. Forståing for at eit utval ikkje bør vere for stort, men undring over at styremedlemene sjølve utgjer ein so stor del av det som helst burde vere eit meir eksternt samansett, rådgjevande utval. Òg problematisk at berre éin av atten hovudtillitsvalde sit i utvalet. Samansetnaden sikrar ikkje at tilsette og studentar vert høyrde. Ynskje om auka representasjon frå HTV og faglege og administrative leiarar. Forslag: tre faglege, tre TAP, tre studentar, totalt ni personar.

009/16 Fusjonsprogrammet, organisering og mandat

HTV meiner mandata for styringsgruppene er uklære. Hadde håpa på meir tydelege og bindande mandat. Båtsvik og Glambek presiserte at mynde og vedtak ligg til interimsstyret, og at ein ikkje kan

gje prosjektgrupper som førebur saker til interimsstyret noko vedtaksmynde. Viktig å få med seg at eventuell dissens i desse sakene skal følgje saka til styret, slik at eventuell usemje vert synleggjort òg der.

HTV påpeikar manglande innsyn i prosess bak samansetnad av og utpeiking til styringsgruppene (sjå referat frå IDF-møte 07.09.16.). Kritikkk av manglande varaordning for styringsgruppene. For å sikre kontinuitet, og at samtlege av dei involverte sit på same informasjon og bakgrunn, er det ikkje lagt opp til noko varaordning her.

010/16 Prinsipp for tildeling av SAKS-midlar.

OK.

011/16 Studentombod

OK.

012/16 Instruks for dagleg leiing i interimperioden

OK.

013/16 Skildring av budsjettprosess 2017

OK.

014/16 Skildring av prosess, studieportefølje

OK.

2. Tidsressursar til tillitsvaldarbeid

Semje om at praksis må vere lik. Fornuftig nivå på grunnressurs for tildeling av tid til hovudtillitsvalte og hovudverneombod i denne prosessen er mellom 40 og 60 timar. Dette skal inkludere møtetid og førebuingstid. Ein må kome attende til kva nivå som er fornuftig for tillitsvalde som har ekstraverv i arbeidsgrupper og liknande. Har ein ikkje sjølv høve til å bruke denne tida kan ein fordele ho med andre tillitsvalde. Her må ein finne gode, lokale løysingar.

Tillitsvalde påpeikte at mange framleis ikkje har vorte kompenserte for det ekstraarbeidet dei tok på seg i løpet av våren 2016. Blir for enkelt å seie at ein skal finne lokale løysingar. Tillitsvalde ynskjer å gjere ein god jobb, men det er utfordrande når ein slit med å få tida til å strekke til. Oppmoding om at det vert lagt press på lokale leiarar for å skape forståing om at tillitsvalde må få nok tid til å skjøtte verva sine på forsvarleg vis. Ressursane må samsvare med den faktiske arbeidsmengda.

3. Rammer for ID(F)-møta

Semje om følgande rammer:

- Informasjon skal kome på eit so tidleg tidspunkt som mogleg. Når det gjeld større informasjonssaker bør dei tillitsvalde vere orienterte før informasjonen går ut.
- Dei tillitsvalde skal ha elektronisk tilgang til styrepapir og protokollar til same tid som styremedlemene. Tillitsvalde får e-postvarsel når styrepapira er klare.
- Dei tillitsvalde skal få rimeleg tid til å setje seg inn i drøftings- og forhandlingssaker. Innkalling og sakspapir må vere utsendt seinast sju dagar før IDF-møta. Det må gå tydeleg fram av innkallinga kva saker som er til informasjon, drøfting og forhandling.
- Møtereferat frå ID- og IDF-møte skal sendast ut til godkjenning hjå tillitsvalde seinast dagen etter møtet. Eventuelle rettingar må vere referent i hende innan 24 timar etter utsending.

4. Møteplan

Hovudregel om ID-møte to dagar før styremøte, med atterhald om at dette ikkje kolliderer med ID(F)-møte eller styremøte ved dei tre fusjonerande høgskulane. Forslag til møteplan vert sendt ut etter at interimsstyret har vedteke sin møteplan.

Fyrste temamøte finn stad i Bergen, tysdag 11. oktober, frå 10.00 til 14.00.

Møtet vart heva 13.45